

- Legg fleire fartsdumpar i Halsabrotet!

16.06.2008



Ikkje nok med "Barn leker" - Halsabrotet bør få fleire fartsdumpar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Oppsittarane i Halsabrotet er svært fornøgde med at dei endeleg fekk ny asfalt, men det manglar noko viktig, seier fleire til uskedalen.no: Det manglar fartsdumpar!

- Det er riktignok nokre dumpar i den nedre gata, men ingen i den øvre, blir det påpeika.

Og det er tydelegvis ikkje nok med eit skilt med "Barn leker" for å leggja ein dempar på sjåførane, Det er altfor mykje unødvendig og rask køyring og eg er bange for at det snart skjer ei ulukke, seier ein far som meiner at velforeninga bør ta seg av saka..